



NU-kontakt

Meldingsblad for Noregs Ungdomslag, nr 2/2009

Denne sendinga inneheld:

- NU-kontakt
- Brosjyre for Fagseminara, 19.-21. februar 2010
- Brosjyre for instruktørutdanninga 2010
- Brosjyre for Kven Veit
- Informasjon frå BUL Oslo om jubileumshelg
- Informasjon frå Folkekulturforbundet (FOLK)

Nytt kontingentsystem i NU!

Årsmøtet i NU har vedteke å endre systemet for fastsetjing og innkrevjing av medlemmene sin kontingent til NU sentralt.

Som tidlegare, må alle medlemmene i laget ha betalt medlemskontingent for å reknast som medlem. Kontingenten er samansett av tre delar:

- o ein sats til lokallaget, fastsett av årsmøtet i lokallaget
- o ein sats til fylkeslaget, fastsett av årsmøtet i fylkeslaget
- o ein sats til NU sentralt, fastsett av årsmøtet i NU

Kontingenten blir krevd inn av lokallaget, som betalar vidare til fylkeslaget og sentralleddet den delen dei skal ha.

Dagens system for den sentrale kontingenten

Kontingenten til NU sentralt byggjer på eit prinsipp om ein lagskontingent, som inkluderer kontingent for dei 20 første medlemmene i laget. I dag er denne satsen kr 2300, uavhengig av om laget har 10 eller 20 medlemmer. Laga blir vidare fakturert for ein fast sats på kr 200 pr medlem, frå og med medlem nr 21. (Medlemmer under 26 år tel i denne samanheng som 0,5 medlem.)

Dette systemet synleggjer ikkje godt nok at det er enkeltmedlemmene, og ikkje laget i seg sjølv, som i hovudsak skal stå for medlemskontingenten til NU sentralt. Dette er ein av grunnane til det er vedteke å innføre eit nytt system for den sentrale kontingenten.

Det nye systemet innførast i 2010 og 2011

Frå og med 2010 går ein bort frå prinsippet om at lagskontingenten inkluderer kontingent for eit visst tal medlemmer. Laga blir i staden kravd for ein grunnkontingent og ein fast sats per medlem, frå og med 1. medlem.

Frå og med 2011 vil NU sentralt krevje inn kontingenten frå lokallaga på vegne av fylkeslaga. Dette betyr at laga får ein fellesfaktura for kontingenten til fylkes- og sentralledd, i staden for krav.

Kontingentsatsar 2010 og 2011

Medlemskontingenten til NU sentralt:

- Grunnkontingent pr lokallag: kr 1000
- Kontingent pr medlem over 26 år: kr 180
- Kontingent pr medlem under 26 år: kr 90

Medlemskontingenten til fylkeslaget:

- Ta kontakt med fylkeslaget eller NU sentralt for informasjon.

Korleis skal laga forhalde seg til det nye kontingentsystemet?

Det er framleis lokallaga som skal krevje inn kontingenten for kvart enkelt medlem i laget. Fylkeslaget og NU sentralt fakturerer så lokallaget for den summen som skal vidare til fylkeslaget og NU.

Nedanfor følgjer ein framdriftsplan som laget kan bruke for at denne prosessen skal gå så smidig som mogleg:

Innan 15. februar: Lokallaget held årsmøte, der ei av sakene er fastsetjing av lokallaget sin kontingent for det komande kalenderåret.

Etter årsmøtet: Når årsmøtet har fastsett den lokale kontingentsatsen, må satsen frå fylkeslaget og NU sentralt leggst til, for å finne den endelege kontingenten medlemmene skal betale til laget.

Februar/mars: Medlemmene betalar kontingenten til lokallaget, også den delen som skal vidare til fylkeslaget og NU sentralt.

Innan 1. april: Alle eksisterande medlemmer i laget må vere registrert i Webmedlem (NU sitt medlemsregister), slik at NU sentralt kan sende kontingentkrav til lokallaga.

Ca 15. april: Lokallaget mottek krav om å betale inn enkeltmedlemmene sin kontingent til NU sentralt, med betalingsfrist ca 1. mai.

Mai: Laget mottek medlemskort for dei medlemmene som var registrert i Webmedlem pr. 1. april, og som det er betalt kontingent for. (Dette føreset at laget også har sendt inn årsrapport og signerte medlemslister for året før). Medlemskortet gjeld for perioden 1.mai til 30. april det påfølgjande året.

Tilgang til medlemsregisteret/www.webmedlem.no

Alle lokallag skal ha tilgang til medlemsregisteret. Dersom laget ikkje har det kan du kontakte NU-kontoret for å få dette.

Fakturagrunnlaget frå fylkeslaget og NU sentralt

Det er medlemmer som er registrert i Webmedlem pr. 1. april som ligg til grunn for kravet som blir sendt frå NU og seinare frå fylkeslaget. Nye medlemmer registrerast likevel i Webmedlem, fortløpande utover året.

Lags- og medlemsfordelar i NU

For laga

- o Tilgang til å søkje på Frifondmidlar frå NU sentralt
- o Tilgang til å søkje på opplærings-/studiemidlar frå FOLK.
- o Tilgang på instruktørar gjennom NU
- o Råd og rettleiing i lagsdrift, frå NU sentralt
- o Råd og rettleiing i hussaker, gjennom Norske kulturbygg
- o Rabatterte forsikringar på hus, gjennom KNIF

For enkeltmedlemmene

- o Demokratiske rettar og høve til å påverke organisasjonen!
- o 4 årlege utgaver av medlemsbladet Ungdom
- o Medlemsprisar på kurs og arrangement
- o Rabattavtalar spesifisert på medlemskortet

forts. neste side

Korleis oppnår ein lags- og medlemsfordelane?

For at medlemmene skal få medlemskort, og kunne nytte seg av medlemsfordelane, må ein vere registrert som medlem i webmedlem, og laget som vedkomande er medlem i, må ha betalt kontingentkravet frå NU.

For at laget skal kunne nytte seg av lagsfordelane, må kontingentkravet frå NU vere betalt, og signert medlemsliste og årsrapport for året før må vere sendt til NU.

Ta barna på alvor!

Fråsegn frå årsmøtet i Noregs Ungdomslag

Noregs Ungdomslag er ein av dei store barneorganisasjonane i landet, både med omsyn til tal medlemmer, og med omsyn til kor stor del barna utgjer av den samla medlemsmassen.

Dei sameinte nasjonane (SN) sin konvensjon om barn sine rettar (barnekonvensjonen) fyller 20 år i år. Alle land utanom USA og Somalia har skrivne under på denne konvensjonen, som skal sikre rettane til barn under 18 år. I artikkel 12 står det: *Barnet har rett til å seie meininga si i alt som vedkjem det, og barnet sine meiningar skal tillegkast vekt.*

Årsmøtet i Noregs Ungdomslag vil oppmode ungdomslaga om å markere 20-årsjubileet for barnekonvensjonen ved å setje eit større fokus på medlemmene som er under 14 år, og arbeide målretta for å auke deira medverknad i ungdomslaget.

I ungdomslaget har alle medlemmer som har fylt 14 år røysterett. Årsmøtet i Noregs Ungdomslag meiner at ungdomslaga må ta eit større ansvar for at også medlemmene under 14 år får arenaer til å målbera meininga si, og for å vere med å utforme aktiviteten dei er med på.

Ungdomslaga kan t.d. opne for at

- Barna kan delta på årsmøtet i ungdomslaget, utan røysterett, men som deltakar i drøftingar om planar for året som kjem o.l.
- Barna kan delta i redaksjonsnemnder for lagsblad.
- Barna kan vere med i planlegging av festar og turar.
- Barna kan kome med innspel til profil og utforming av nettsider til laget.
- Spørjetime der barna kan stille spørsmål til lokale politikarar.
- Barn kan ha kurs for vaksne.
- Setje fokus på leiarrolla i laga, der leiarane bør vere meir rettleiarar enn leiarar.

NU har utarbeidd egne opplegg for organisasjonsopplæring av barn; "Eg vil og eg kan." Dette kan lokallaga få ved å ta kontakt med NU-kontoret.

Heile protokollen frå årsmøtet i Noregs Ungdomslag 2009 kan lastast ned frå www.ungdomslag.no

NU sine sentrale tilskipingar i 2010

NU tilbyr fleire kurs og møtestader for medlemmer og lokallag i løpet av året som kjem. Her er dei mest sentrale:

Fagseminar, Sørmarka 19.-21. februar

Seminar med høg fagleg kvalitet! Les meir om tilbodet i brosjyra som ligg i lagssendinga.

Landsmøte, Oslo 24. og 25. april

Frå neste år blir det ikkje lengre arrangert NU-årsmøte i samband med festival om sommaren. Møtet blir flytta fram til april, og namnet blir endra til Landsmøte.

Møtet vil framleis ha den viktige funksjonen som Noregs Ungdomslag sitt høgste demokratiske organ, og det er vil vere ei prioritert oppgåve for NU å styrke Landsmøtet sin demokratiske funksjon for utvikling av organisasjonen.

Landsmøta vil bli halde på same plass kvart år, og det er avgjort at møtet skal haldast i Oslo dei næraste åra. I tillegg til gode faglege og politiske drøftingar, vil det og bli lagt opp til eit sosialt og kulturelt program med høg kvalitet, slik at også den uformelle ramma rundt møtet skal bli bra.

Innkalling med førebels sakliste vil bli sendt til lokallaga i slutten av januar, og påmeldingsfristen for landsmøtet er 10. mars 2010.

(Merk at NU har gjort lovendringar, slik at årsmøtet i lokallaga kan gje styret fullmakt til å velje utsendingar til landsmøtet.)

Sommarleir for ungdom, Bergen 27.juni -1. juli

I dagane før Folkedansfestivalen blir det leir for ungdom mellom 14 og 26 år. Vi tilbyr teaterkurs med Therese Kinzler Eriksen, dansekurs med Martin Myhr og musikkurs med Lajla Storli og John Ole Morken. Send ungdomane på tur og få kunnskap, nettverk og entusiasme tilbake til laget!

Folkedansfestival, Bergen, 1.-4. juli

Sjølv om landsmøtet er flytta til april, blir det framleis festival om sommaren! Nytt frå 2010 er at det ikkje lenger blir skipa til Folkekulturfestival, men ein Folkedansfestival. Festivalen i 2010 blir skipa til i Bergen, med Bergen ungdomslag Ervingen som lokal tilskipar.

Følg med på nettsidene for festivalen ved årsskiftet, då blir programmet lansert her: www.folkedansfestivalen.no

Viktig melding til leiaren i laget!

Hugseliste for rapportering til Noregs Ungdomslag:

- **Medlemslister må oppdaterast innan 1.12.2009:**
Logg inn på webmedlem frå www.ungdomslag.no, og oppdater medlemslista slik at den viser alle personar som er medlemmer i laget i 2009. Vi ber om at det samtidig blir kontrollert at det er registrert korrekt fødselsår på alle medlemmene.
Tal medlemmer som er registrert i webmedlem 1.12. er m.a. grunnlaget for kor mykje Frifondtilskot NU får til fordeling til laga.
- **Underskrivne medlemslister og årsrapportskjema må returnerast innan 15.2.2010**
Ca 15. desember får alle laga tilsendt oppdaterte medlemslister for underskrift samt årsrapportskjema for 2009 for utfylling og underskrift. Desse må returnerast til NU innan 15. februar. I denne sendinga er det og vedlagt skjema for registrering av nye tillitsvalte etter årsmøtet 2010.
- **Nye tillitsvalde må registrerast innan 15.2.2010**
Etter at årsmøtet i lokallaget har valt nye tillitsvalde, må desse meldast inn til Noregs Ungdomslag. Dette kan gjerast i webmedlem, eller på skjemaet laget mottok i desember,

